Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS
-ein døropnar til historia-

Alver kommune

Kvenrhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
	19/333 - 24 / RL / 012	31.05.2019

Sak til kommunestyre i Alver kommune om ny selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS frå 2020

Bakgrunn

Den 30. april 2019 gjorde representantskapet ved Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS vedtak om og fremje forslag om endring i selskapsavtala frå 01.01.2020. I same møte vedtok ein og framlegg til eigarbrøk samt ny tilskotsmodell.

Tilskotsmodellen tek utgangspunkt i eit grunnbeløp som er likt for kvar eigarkommune i tillegg til eit fast kronebeløp for kvar innbyggar ut frå tal frå SSB pr. 1 januar føregåande år.

Eigarbrøk utgår frå samla innbetalt tilskot og vert justert kvart 4 år på bakgrunn i endringar samt inn og utmeldingar i selskapet.

Økonomiske konsekvensar:

Tilskot til selskapet vert i ny tilskotsmodell eit fastbeløp på 91 667 samt 3,15 kr. pr. innbyggar. Dette medfører at Alver kommune frå 2020 skal yte eit eigartilskot på 182 639,-

Dette er ein reduksjon på 275 678,- kroner frå gamal tilskotsmodell med tre einsilde kommunar. Årsaka til reduksjonen er at, ordning av arkiv ikkje lenger vert tilbydd dekka innanfor eigartilskotet. I staden tilbyr vi at ein teiknar eigne oppdragsavtalar kring ordning av arkiv etter behov.

Lindås, Meland og Radøy kommune har allereie teikna slike avtalar. Desse vert overdregne til Alver kommune om ikkje anna vert avtalt.

Alver kommune sin eigardel i selskapet vert 6,2 % samla mot 11,75 % i gamal modell med tre einskilde kommunar. Dette skuldast at eigardelen føl eigartilskotet og at eigarbrøken deretter vert fordelt på eigararane.

Post-/fakturaadresse:
IKA Hordaland IKS
Kalfarveien 82
5022 Bergen

Besøksadresse:
Kalfarveien 82
v/Bergen Byarkiv
5022 Bergen

Telefon: 55 30 60 90
E-post: post@ikah.no

Bank: 3624 34 92348
Org.nr.: 971 348 496

Konsekvensar av eit negativ vedtak:

Om selskapsavtala skal endrast, er det ein føresetnad at det vert gjort likelydande vedtak i samlege av eigarane sine kommunestyre. Ny selskapsavtale er ikkje gjeldande før den er godkjend i føretaksregisteret.

Om det ikkje vert vedteke ny selskapsavtale innan 1.mars 2020 vil gamal avtale gjelde og gamal tilskotsmodell vert lagt til grunn fram til ny er vedteke. Alver kommune vil då hefte for dei tre avvikla kommunane sine selskapsforpliktingar, til ny avtale er på vedteke eller uttreden av selskapet er gjennomført.

Vi ber difor om at saka vert lagt fram for kommunestyret til behandling ved fyrste anledning.
Selskapsavtala ligg som vedlegg til brevet.

Framlegg til vedtak:

Alver kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Alver kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Med venleg helsing

Rune Lothe
Dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Vedlegg:

Selskapsavtale pr. 01.01.2020 (2)	1340885	31.05.2019

Kopi til:

Lindås kommune v/Arkivleiar Elisabeth Valdersnes	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ